



## Notat

Dato: 14.05.2014  
Arkivsak: 2014/14001-7  
Saksbehandlar: oddmell

---

**Til:** Johnny Ernst Stiansen

**Frå:** Anna Elisa Tryti

---

### **Årsbudsjett 2015 - Økonomiplan 2015 - 2018 - Utfordringsnotat frå kultur - og idrettsavdelinga**

#### **INNLEIING**

Det er også i 2015 stor trong for å styrka kultur- og idrettsområdet som sentral del av Hordaland fylkeskommune si satsing på utvikling av regionen. Samla sett vert det gjennom budsjettsøknader meldt om stor trong for styrking frå verksemdar på kulturkapittelet både til investeringar og drift.

*Lag og organisasjonar som har søkt driftsstøtte, har budsjett på samla 786,5 mill. kr i 2014 ( tal dei sølv har gjeve opp i e-søknadene). Det har kome inn søknader om driftsstøtte for 2015 på 106 mill. kr, ei auke på 28,3 mill. frå 2014. Fordelt kjem auken i 2,1 mill. frå idrett og friluftsliv, 13,1 mill. kr frå musea og 13,1 mill. kr frå andre kulturaktivitetar.*

Hordaland har eit rikt kulturliv med stort spenn, frå frivillig sektor til profesjonelle aktørar på høgt nivå. Mange kommunar i fylket har for tida offensive satsingar, ikkje minst på anleggs- og arenafeltet, ofte med store investeringar. Det er store forventningar til fylkeskommunen på feltet, frå organisasjonar, frå institusjonar og ikkje minst frå kommunane. På kultur- og idrettsbudsjettet er det over 100 institusjonar og lag. Mange av desse har fått kutt i løns- og prisvekst i sine tilskot gjennom fleire år. Ei eventuell nedskjering i Kultur- og idrettsbudsjettet vil først og fremst råka kunst- og kulturlivet.

#### **Regional plan for kultur og idrett**

Hordaland fylkeskommune er i avslutningsfasen med ein ny regional kulturplan, som del av den regionale planstrategien. Planen skal vedtakast av fylkestinget hausten 2014. Planen vil også vere eit verkty for gjennomgang av tilskotsordningar og prioriteringar i budsjettet frå 2015. Planen omfattar heile verksemda til avdelinga, er eigentleg fem planar i eitt. Det vil vere forventna friske midlar med ein så omfattande plan.

#### **Kulturminnevern og museum**

##### **Samandrag:**

Notater er utarbeidd i tråd med bestilling og uttrykkjer prinsipp for budsjettering med to ulike føresetnader:

- a) forslag til omprioriteringar ved nullvekst i budsjetttramma
- b) forslag ved reduksjon av budsjetttramma med 2% av brutto driftsbudsjett

		2013	2014	2015
750 Kulturminnevern	Brutto driftsutgifter	42 430	51 985	
	Driftsinntekter	-25 792	-34 310	
	Netto driftsutgifter	16 638	17 675	
760 Museer	Brutto driftsutgifter	44 948	46 256	
	Driftsinntekter	0	0	
	Netto driftsutgifter	44 948	46 256	

## 750. KULTURMINNEVERN

Tal i heile 1000 kr

		Budsjett 2013	Budsjett 2014
400.102	Administrasjon kulturminnevern	8 217	9 196
400.103	Antikvarisk bygningsvern	2 939	2 770
400.530	Prosjekt/oppdrag	2 737	2 590
400.610	Arkeologisk registrering	4 981	6 535
400.620	Ålmenne kulturvernforemål	3 136	3 330
400.630	Kulturminneregistrering	100	100
400.650	Vern kulturminne	20 320	27 464
	<b>Sum brutto driftsutgifter</b>	<b>42 430</b>	<b>51 985</b>
	<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>-25 792</b>	<b>-34 310</b>
	<b>Netto driftsutgifter</b>	<b>16 638</b>	<b>17 675</b>

### Merknad:

Hordaland fylkeskommune er regional styresmakt for kulturminnevern. Fylkeskommunen representerer eit av dei fremste kompetansemiljøa i landet på kulturminneforvaltning. Aktuelle behov gjer at det er trong for ei tydeleg regional satsing på feltet:

- Utvikle lokal forvaltning av kulturminne og i sterkare grad gjere dei til ressursar for utvikling av lokalsamfunna, jf vedtak i fylkesutvalet i sakene PS 12/2014 og PS 14/2014 og prosjektet Kulturminneplanar i kommunane 2013-2016 (KIK).
- Vidareutvikling av verkemiddelapparatet i høve istandsetting og vedlikehald av fartøy og kulturminne.
- Styrkja formidling av kulturminne (nyare tid og arkeologi) i samarbeid med skular, museum mv.
- Evt vidare satsing på kulturminnevern og verdiskaping.

I budsjettet til kulturminnevern i fylkeskommunen er det utover løyvingane til tilskot og ålmenne kulturvernforemål, ikkje frie midlar. Reduksjon av tilskotsordningar vil gje vesentleg dårlegare forankring av kulturminnevernet og redusere tilfanget av positive verkemiddel. Det er naturleg å forvente at dette vil få negative verknader for fylkeskommunen si oppgåveløysing.

Oppgåvene i kulturminneforvaltinga er utan unntak grunngjevne i politiske vedtak eller lovheimla myndesansvar. Styrking av arbeidet med slike oppgåver føreset rammevekst i budsjettet. Rammereduksjon som påverkar drifta vil kunne setje løysinga av lovheimla forvaltingsoppgåver vesentleg attende. Direktoratet for kulturminnevern har under planlegging prosess med auka delegasjon av mynde til regionale kulturminnestyremakter. Dette kan kan få resursmessige konsekvensar for fylkeskommunen.

#### a) forslag til omprioriteringar ved nullvekst i budsjetttramma

Ingen vesentlege endringar. Mindre justeringar er mogeleg innanfor budsjetttramma:

- Tilskot til vern og vøling av kulturminne bør vurderast styrka.
- Tilskot til fartøyvern bør vurderast styrka ytterlegare (Fylkeskommunal løyving vil løyse ut like stor statleg medfinansiering).
- Omprioritering innanfor post 400.620 (Tilskot ålmenne kulturvernføre mål)

#### b) forslag ved reduksjon av budsjetttramma med 2% av brutto driftsbudsjett

Reduksjon av budsjettpost 400.620 (Tilskot ålmenne kulturvernføre mål)

Reduksjon av tilskotsordningar (400.650 Vern kulturminne)

#### 760. Museum

	Budsjett 2013	Budsjett 2014	Omsøkt 2015
1. Museumssenteret i Hordaland	9 283 000	9 548 000	10 468
2. Stiftelsen Bymuseet i Bergen	6 419 000	6 602 000	10 800
3. Bergens Sjøfartsmuseum	1 602 000	1 648 000	2 468
4. Museum Vest	4 532 000	4 661	5 594
5. Kunstmuseene i Bergen	3 378 000	3 474 000	3 512
6. Stiftinga Hardanger og Voss museum	11 206 000	11 525 000	12 875
7. Norsk Vasskraft- og Industristadm.	1 221 000	1 256 000	1 756
8. Baroniet Rosendal	1 012 000	1 041 000	1 191
9. Stiftinga Sunnhordland museum	2 018 000	2 076 000	3 176
Museumssamarbeid med kommunar	600 000	600 000	600
Oppfølging av museumsplanen	2 000 000	2 100 000	2100
Bygningsvern ved musea	1 677 000	1 725 000	1800
<b>Sum brutto driftsutgifter</b>	<b>44 948 000</b>	<b>46 256 000</b>	<b>56 340</b>

#### **Merknad:**

Regional plan for museum 2011-2015, vedteken av fylkestinget i juni 201, byggjer på fylkeskommunen sitt ansvar som kulturstyresmakt og regional utviklar, og tek sikte på å utvikle institusjonane som offensive og tydelege samfunnsaktørar.

Det er ikkje mogleg å pålegge musea nye krav utan å setta dei i stand til det. I tillegg er den økonomiske situasjonen i desse institusjonane utfordrande, både når det gjeld investeringar og drift. Museumsreforma har løfta sektoren, men auka statlege driftsmidlar har i stor grad gått til å ta igjen etterslep i høve administrasjon og lønnsutjamning. Mange av musea har teke på seg nye oppgåver, ofte i samarbeid med kommunane. Slike samarbeid er viktig, ikkje minst for å betre

kulturminnekompetansen i lokalsamfunna og kommunal forvaltning. Musea arbeider for å tilfredstille nye krav til bygningskvalitet, universell utforming og pedagogisk tilrettelegging.

For budsjettåret 2012 vart det føreslege ei oppfølging av handlingsprogrammet i museumsplanen med kr 6 millionar. I budsjettåra 2012 og 2013 og vart det sett av 2 mill til tiltak og i 2014 2.1 mill i handlingsprogrammet. Musea fekk ei tilleggsøyving på 2 mill. kr til investeringar av Fylkestinget på junimøtet 2013. I budsjettåret 2015 bør ein følgja opp handlingsprogrammet i Regional plan for museum slik at musea kan styrkast monaleg for vidare utvikling og utvalde satsingar.

Slik søknadene viser er det behov for å auke av museumskapitlet i budsjettet. For 2015 melder alle musea inn vesentlege utfordringar. Av særleg viktige satsingar kan nemnast: MUHO: drift av Ådnatun, BM: drifts- og vedlikehaldsoppgåver knytta til Lepramuseet og Skolemuseet, HNV: Herand aktiesagbruk MV: krigshistoria med prosjektstilling Herdla torpedobatteri og Espeland fangeleir, NVIM, Sunnhordland museum, Baroniet og Sjøfartsmuseet: Stillingar.

#### **a) forslag til omprioriteringar ved nullvekst i budsjettamma**

Ingen omprioritering mellom institusjonane. Pris og kostnadsjustert auke innanfor ramma.

#### **c) forslag ved reduksjon av budsjettamma med 2% av brutto driftsbudsjett**

- Reduksjon av driftsstønaden til dei konsoliderte musea fordelt jamt utover.
- Reduksjon av midlar til handlingsprogrammet for museumsplanen.

### **Kunst- og kulturformidling**

Innan dette feltet er det ei særstør mengde med organisasjonar og institusjonar ute i kulturlivet som får støtte. Hordaland har hatt ei stor auke i aktivitet på dei fleste felt innan kulturlivet, ikkje minst når det gjeld institusjonar som driv med profesjonell kunst. Å drive med profesjonell kultur og kunst krev eit visst økonomisk nivå. Nokre av desse har stat, fylke og kommune avtalefesta finansieringa av. Det er ei større mengde der alle desse tre er med på finansiering, men utan fastsett avtale. Der det er avtalt prosentvis fordeling er det vanleg at fylke og kommune følgjer etter staten sine løyvingar som er størst. Dei andre ikkje-avtalefesta får ikkje denne fordelingen og mange har stått på same løyving frå HFK gjennom mange år. Budsjettamma for dei siste åra har gitt lite rom for nye satsingar eller tilskot til ny utvikling hjå tilskotsmottakarane.

Som tidlegare år er det meir regelen enn unntaket at dei som får årlege løyvingar over HFK sitt budsjett søker ei monaleg auke i driftstøtta. Vi ser at mange av desse lever på kanten av kva som er forsvarleg, der små administrasjonar vert svært pressa. Dei har eit høgt aktivitet- og ambisjonsnivå og leverer kunst og kultur av svært høg internasjonal klasse. Bergen kommune og staten har hatt ein svært ambisiøs og målretta kunstpolitikk dei siste åra, noko som har gjort at det har grodd fram svært gode og spanande kunsttiltak – som igjen søker midlar frå fylkeskommunen. I tillegg til at dei som allereie er inne på vårt budsjett ønskjer høgare løyvingar er det fleire andre som (i kraft av sin kvalitet) gjerne også kunne ha hatt ein plass i fylkeskommunen sitt kulturbudsjett.

Hordaland fylkeskommune sitt kulturbudsjett syner tilbakegong dei siste åra. Dette medfører eit auka press på fylkeskommunen som bidragsytar til kulturutviklinga. Det er utfordrande at ikkje fylkeskommunen kan vere med på ei offensive kulturutviklinga Staten og Bergen kommune har hatt i mange år, og stø opp under gode, nye utviklingstiltak. KUP kan i nokon grad vere med på å finansiere slikt temporært.

Der ligg også søknader frå ein del organisasjonar/institusjonar som har løyvingar frå HFK på omlag 80 000 – 300 000 og som kan vere svært avhengig av ei mindre auke – som likevel ligg litt over deflator. Desse vert ikkje omtala her, men det er viktig å ta desse behova på alvor og bør komast tilbake til i seinare innspelsrunder. I dette dokument er det i hovudsak dei som har søkt auke over 100 000 som er teke med.

Mange av søkjarane har auka aktivitet som grunngeving. Det er også fleire som ikkje eingong har fått deflatorauke gjennom mange år. Men det er nokre søkjarar som det oppfattast som kritisk for heile grunnlaget for drifta om dei ikkje får monaleg auke/kjem inn på budsjett plass. Dette er Teaterdrift AS, Edvard Grieg kor/Kor Vest, Stiftelsen USF Verftet, Western Norway Film Commission som en del av Vestnorsk filmsenter og husflidskonsulenten i Hordaland.

I denne oversikten er tala som står bak søkjarnamn størrelsen på løyvingane dei har fått frå HFK i 2013/ 2014. Tekst i kursiv er søkjars grunngeving for auken

#### **400.715 Kunstinstitusjonar med avtale om fordeling stat, fylke og komm.**

Når det gjeld dei fem institusjonane vi har formell avtale med stat og kommune om fordeling har det vore praksis i HFK at vi følgjer statbudsjettet og at ein finn friske midlar til ei evt auke. Det er ikkje ein optimal situasjon, og det har vore møter dette året mellom alle partane der samfinansieringa av desse 5 institusjonane vart diskutert. Desse institusjonane får samla ein stor del av det totale kulturbudsjettet, og både Festspillene og Bergen Nasjonale Opera søker auke som gjer at HFK med sin henholdsvis 13% og 15% evt har fått søknad om ei auke i løyvingane på 1,8 mill og 1 mill.

#### Prosentvis fordeling

	<u>Stat</u>	<u>Fylke</u>	<u>Kommune</u>
Festspillene i Bergen	60 %	13 %	27 %
Carte Blanche	70 %	15 %	15 %
Hordaland Teater	70 %	30 %	
Bergen Nasjonale Opera	70 %	15 %	15 %
BIT 20 Ensemble	60 %	15 %	25 %

#### **a) forslag til omprioriteringar ved nullvekst**

- vidareføring av eksisterande tilskot og aktivitet, med mindre justeringar.

#### **b) forslag ved rammereduksjon**

Reduksjon av tilskotsordningar etter ostehøvelprinsippet.

I samband med ny regional kulturplan frå hausten 2014, vil vi foreta ein gjennomgang av alle driftstilskot og tilpasse tilskota til dei kriteria og prioriteringar planen legg til grunn.

#### **BIBLIOTEK**

Endringar i Lov om folkebibliotek blir vedtatt av Stortinget våren 2013. Fylkeskommunen si rolle som regional utviklingsaktør på bibliotekfeltet blir styrkt gjennom den nye lovteksten, som er i tråd med bibliotekpolitikken som har blir ført i Hordaland fylkeskommune gjennom fire fylkesdelplanar for bibliotek.

I følge Biblioteklova skal fylkeskommunen ivareta regionale bibliotekoppgåver og regional bibliotekutvikling. Dette omfattar å gi råd til lokale mynde, yte bibliotekfagleg rettleiing og assistanse, og arrangere møte og kurs om bibliotekspørsmål. Fylkeskommunen kan opprette avtalar om felles bibliotekdrift og lånesamarbeid med ein eller fleire kommunar.

Fylkesutvalet vedtok i april 2013 at fylkeskommunen bør ta på seg ei utviklar- og koordineringsrolle for å sikre innbyggjarane i Hordaland tilgang til e-bøker i biblioteka, uavhengig av kommunestorleik og ressurstilgang. Dei vidaregåande skulane og alle folkebiblioteka utanom Bergen difor organisert i eit konsortium med ei felles teknisk løysing og ei felles samling av e-bøker. Gjennom omdisponering av driftsbudsjettet har fylkesbiblioteket tatt kostnadene med innkjøp og installering av systemet for folkebiblioteka som deltek i konsortiet. Midlar som tidlegare har blitt brukt til innkjøp av bøker er nytta til innkjøp av e-bøker. Kommunar og vidaregåande skular som deltek i konsortiet, betaler driftsutgifter for utlånsløysinga. Avtalen mellom forleggarar og bibliotek om utlån av e-bøker er ei prøveordning som gjeld ut 2015. Det er difor ønskjeleg at fylkeskommunen dekkjer utgiftene til innkjøp av bøker i 2015. Tilbodet har vore svært populært sidan det blei landsert i februar 2014, og ein reknar med at tilgang til lydbøker vil gjere det endå meir populært. Det er ønskjeleg å auke innkjøpsbudsjettet med kr 200 000.

Fylkeskommunen driv ein bibliotekbåt i samarbeid med Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. Hausten 2013 blei det markert at det er 50 år sidan samarbeidet starta, då bokbåten "Epos" blei sett i drift. Bokbåten var nominert som «Årets bibliotek» i Noreg i 2013 og har fått stor lokal og nasjonal merksemd i jubileumsåret. Utlånet auka med 15% i 2013 og besøket auka med 34%. Utlånsauken medfører at det er trong for auka bokbudsjett. Eigaren av båten har dei siste åra slitt med inntening og har varsla auke i leigepris med 5,7 %. Verksemda skal ut på anbod første halvår 2015.

Posten til bibliotekprosjekt blir nytta til eigenandel i samband med søknad om prosjekt og utviklingsmidlar frå Kulturdepartementet. I 2014 Har fylkesbiblioteket fått ei løyving på kr 600 000 til det treårige prosjektet «Sterk spenstig og klar», som omfattar dei fem regionale biblioteksamarbeid i 30 kommunar. I tillegg har ein fått kr 250 000 til det eittårige prosjektet «Digital debatt». Resten av eigenandelen er arbeidsinnsatsen til dei tilsette ved fylkesbiblioteket.

#### **a) forslag til omprioriteringar ved nullvekst**

Ved nullvekst vil aktiviteten til drift (m.a. satsinga på e-bøker) og prosjekt måtte reduserast for å dekkje inn kostnadene med auka leigepris på bokbåten.

#### **b) forslag ved rammereduksjon**

Ved rammereduksjon vil ein måtte kutte i innkjøp av e-bøker og redusere talet på driftsdagar på bokbåten.

### **ARKIV**

Fylkesarkivet er depotinstans for fylkeskommunale arkiv og har ansvar for overordna, felles retningslinjer og rutinar for avlevering av arkivmateriale i heile fylkeskommunen. Fylkesarkivet koordinerer arbeidet med privatarkiv og skal utvikle lokalhistorisk arbeid i fylket.

Den største utfordringa for fylkesarkivet er bevaring av dei elektroniske arkiva som blir skapt i fylkeskommunen. Saksbehandling i fylkeskommunen blir i hovudsak dokumentert i elektroniske dokumenthandtering og arkivsystem, i sak-/arkivsystemet DocuLive, men også i ulike fagsystem. Arbeidet med ein arkivplan har avdekkja at det finst over 80 fagsystem i bruk i HFK. Store delar av saksbehandlinga, spesielt på opplæring og samferdsel, går føre seg i fagsystem utan integrasjon til sak/arkivsystemet. For langtidsbevaring har ein fram til no dokumentert alt på papir. I 2014 innførte HFK nytt dokumenthandteringssystem og gjekk over til heilelektronisk saksbehandling. I prinsippet vil då all dokumentasjon berre finnast elektronisk. I 2015 er det heilt nødvendig for HFK å kome i gang med arbeidet for å etablere ei elektronisk depotløysing. Til dette arbeidet vil det vere stort behov for ei stilling med IKT-kompetanse.

Fylkesarkivet har kontor, ekspedisjon og magasin i 3. etasje i fylkesbygget. I tillegg har arkivet fått eit magasin i u-etasje av Wigandgården, disponerer eit tilfluktsrom i U2 i fylkesbygget. Ein gjennomgang av kapasiteten i magasinerna viser at det er om lag 80-100 hyllemeter ledig plass i magasinerna til Fylkesarkivet. Fylkesarkivet vil difor i 2015 ta i bruk eit nytt magasin med kapasitet på 2-3000 hyllemeter. I dette magasin skal i papirarkiva frå dei vidaregåande skulane i Hordaland plasserast. Arbeid med å ta inn papirarkiva frå dei vidaregåande skulane i Hordaland må prioriterast i 2015.

Bevaring av privatarkiv er viktig for å sikre ein heilskapleg samfunnsdokumentasjon. Tilgang til både offentlege og private arkiv er viktig for å sikre forvaltningsmessig og rettselg dokumentasjon og dannar grunnlaget for utvikling av lokal-, regional- og nasjonal historie. Det er difor behov for å etablere verkemiddel for å få samla inn privatarkiv i fylket.

#### Digital formidling

I 2014 vil fokuset for kulturformidlinga vere å fortsetje satsinga på fleire prosjekt. Kulturnett Hordaland er etablert som ein inngangsport for fleire nasjonale databasar og utviklas i samarbeid (samband) med kulturrådet og fleire andre fylkeskommunar. Kulturkort for ungdom er inkludert i denne portalen og **ein** vil satse vidare på å samkøyre formidling mellom nett og sosiale medium. Rallarveg-appen skal vedlikehaldas og vidareutviklas.

Hordaland fylkeskommune har saman med Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Norsk kulturråd gått saman om ei felles satsing for utvikling av digitale formidlingsløysingar for kultur- og naturhistorie. Den digitale formidlingsløysinga bygger på nasjonal teknisk infrastruktur og er basert på integrasjon av kunnskap i ulike databasar for å formidle informasjon om kulturarv og naturinformasjon på Vestlandet. Det vil teknisk bli lagt til rette for at kulturinstitusjonar og digitale formidlingsprosjekt i dei tre fylka skal kunne ta i bruk denne formidlingsteknologien utan for store kostandar.

#### a) forslag til omprioriteringar ved nullvekst

Med nullvekst vil fylkesarkivet drive om lag som i dag, men vil ikkje kunne kome i gang med etablering av eit elektronisk depot for langtidslagring og utvikle arbeidet med lokalhistorisk arbeid og innsamling av privatarkiv

#### b) forslag ved rammereduksjon

For å drive ei fagleg forsvarleg verksemd er fylkesarkivet heilt avhengig av dei fire fagstillingane som er knytt til verksemda i tillegg til ein konsulentstilling. Fylkesarkivet har teke imot ein person i 80% stilling som ikkje har spesielle faglege kvalifikasjonar, og ved ein reduksjon i budsjettet må ein sjå nærare på om denne stillingsressursen kan reduserast.

### IDRETT OG FRILUFTSLIV

#### a) forslag til omprioritering ved nullvekst

Økonomi til drift av friluftsområder er ei utfordring. I 2014 vart kommunane Kvam og Osterøy nye medlemmar i **Bergen og Omland Friluftsråd**, og med det omlag 50 nye friluftsområder å drifte. BOF søker om auke i driftstilskot. Indeksregulere driftstilskotet frå 1.770.000 til kr 1.8 mill. I budsjettsøknad for 2015 ber **Friluftsrådet Vest** om tilskot på kr 600 000. Auke driftstilskotet frå 449.000 til kr 500.000.

**Bergen og Hordaland Turlag** har endra namn, har sterk medlemsvekst, har etablert fleire nye lokallag (12) og Barnas Turlag (15) og har fleire prosjekt utover eigen medlemsmasse. Dei ber om

kr 1 mill i driftstilskot; kr 700.000 til Bergen og Hordaland Turlag og kr 300.000 til Friluftslivets hus. I tillegg søker dei om kr 500.000 i støtte til eit ungdomsprosjekt 2015-2017. Satsinga er ein del av markeringa av Friluftslivets år 2015. Voss Utferdslag søker om kr 50.000 via Bergen og Hordaland Turlag. Tildele kr 110.000 til Friluftslivets Hus, auke driftstilskotet til BHT frå kr 480.000 til kr 490.000 og tildele kr 300.000 til ungdomsprosjekt for 2015.

**Stiftelsen Det Norske Arboret**, Milde søker om auka driftstilskot til kr 380.000. Arboretet jobbar tett saman med Universitetet i Bergen og Bergen og Omland Friluftsråd om å utvikle området retta mot folkeopplysning, naturforståing og friluftsføremål. Det er ikkje rom til å auke driftstilskotet for 2015.

Det nasjonale arbeidet knytt til **merking av turløyper – «det merkes i heile landet»** vert vidareført i 2015. Gjensidigestiftelsen stiller krav om fylkeskommunal eigendel, og eit forpliktande samarbeid med kommune og frivillig sektor. Det er tiltak i 31 kommunar i Hordaland. Auke posten frå 661.000 til 672.000 i 2015.

Forum for natur og friluftsliv er eit samarbeidsforum mellom sju natur- og friluftorganisasjonar på fylkesnivå med mål om å styrke natur- og friluftinteressene i fylket. Dei søker om ei fast driftsstøtte frå 2015 på kr 200.000. Ikkje rom til dette for 2015??? DEI HAR SØKT REGIONALAVDELINGA - Sidan 2010 har HFK v Kultur- og idrettsavdelinga bidrege med kr 50.000 i prosjektstøtte – 2014 kr 80.000.

**Friluftslivets år 2015** skal markerast over heile landet. I Hordaland er det ønskeleg bruke året til å styrke, vidareutvikle og synleggjere det breie friluftslivsarbeidet m.a. gjennom eit tettare tverrsektorielt samarbeid. Gjennom varierte aktivitetar heile året er målet at fleire hordalendingar skal bli varig meir aktive. Kr 700.000 til gjennomføring av Friluftslivets år 2015.

Hordaland idrettskrets har 208.476 medlemskap og 1128 idrettslag i heile Hordaland. **Hordaland idrettskrets/ Olympiatoppen Vest-Norge** søker om kr 3.600.000 til breiddeidretten og kr 430.000 til toppidretten. Dei ønskjer m.a. å styrke arbeidet med «unge leiarar» og funksjonshemma. Auke driftstilskotet til Hordaland idrettskrets frå kr 3.002.000 til kr 3.250.000 der kr 200.000 er øyremerka funksjonshemma (kr 100.000 omdisponert frå 400.420.02), og driftstilskotet til Olympiatoppen Vest-Norge avd. Hordaland aukast frå kr 325.000 til kr 400.000.

**Stiftelsen Solhovden** søker om tilskot på kr 130.000 til drift av hyttene 2015. Stiftelsen disponerer tre hytter på Kvamskogen som vert leigd ut hovudsakleg til psykisk utviklingshemma i Hordaland, men også grupper innan psykiatrien og rusmiddelomsorg nyttar hyttene. Bergen kommune bidreg med kr 130.000 og såleis bør driftsstøtta aukast til kr 130.000.

Det internasjonale symjesteemnet **Bergen Swim Festival** skal arrangerast i Hellenen i mai 2015, Norges Seilforbund skal arrangere VM i segling i Fjell kommune i 2015 og Tour the Fjords, eit internasjonalt sykkelritt med etappar i Hordaland og Rogaland, skal gjennomførast i mai 2015. Såleis bør tilskot til store mesterskap kr 200.000 aukast.

#### **b) forslag ved rammereduksjon**

Dei eksterne samarbeidspartnarane bør skjermast.

Reduksjon i budsjettet bør eventuelt takast frå det fylkeskommunale investeringstilskotet.

#### **Andre søknadar - forslag om uendra driftsstøtte**



Stiftinga Solhovden søker om tilskot på kr 125.000 i 2014. Dei prioriterte brukargruppene medfører stor slitasje på bygningar og inventar. I 2013 vart ei ny hytte ferdigstilt og såleis vil dei samla driftsutgiftene auke. Bergen kommune auka sitt bidrag til kr 130.000 for 2012. Såleis bør HFK oppretthalde sitt støttenivå.

Kvamskogen Næringslag (søknad på veg) søker om kr 100.000 i tilskot til turløypepreparering (tilsvarande for 2013).

Haugesund Turistforening (søknad på veg) søker om kr 15.000 i driftsstøtte (som i 2013).

Stiftinga det Norske Arboretet har ikkje søkt om tilskot for 2014.

### **KONKLUSJON:**

På kulturbudsjettet er det over 100 mottakarar av fast driftstilskot. I tillegg kjem mottakarar av prosjekttilskot gjennom ei rad støtteordningar. Nullvekst og innsparingar vil såleis først og fremst i stor grad ramma kunst- og kulturlivet i fylket.

Ved nedskjering vil Kultur- og idrettsavdelinga ønskja ei full gjennomgåing av drift og stillingsressursar. Dette må sjåast i samanheng med ei samla gjennomgåing av personale og definerte oppgaver for heile sentraladministrasjonen i fylkeskommunen.

Samla utgjør netto driftsbudsjett om lag 178,5 mill. kr. for 2014 (tal frå økofocus). Ein reduksjon på 2 % vil utgjere om lag 3,6 mill. kr. Forslag til rammereduksjon vert då slik:

Avdelinga opplever stadig fleire akutte krisesaker frå kulturlivet i form av søknadar om ekstra tilskot. Situasjonen er stram for tilskotsmottakarane, samstundes som Bergen og Hordaland er den einaste regionen i Noreg som har/bør ha musklar til å mønstre motkraft til sentraliseringa av til hovudstaden.

Syner elles til vedlegg.

### **Forslag til omprioriteringar ved nullvekst:**

- Vidareføring av eksisterande tilskot og aktivitet, med mindre justeringar.

### **Forslag ved rammereduksjon – 2% av netto driftsbudsjett:**

Reduksjon av tilskotsordningar etter ostehøvelprinsippet.

I samband med ny regional kulturplan frå hausten 2014, vil vi foreta ein gjennomgang av alle driftstilskot og tilpasse tilskota til dei kriteria og prioriteringar planen legg til grunn.

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

Vedlegg: Presiseringar Kunst og kulturformidling  
Presiseringar Kulturminnevern og museum

Kopi til:  
Jon-Rune Smørdal

## Vedlegg:

### Seksjon for kunst og kulturformidling:

- **Festspillene i Bergen** 4 278 000(2013)/ **4 400 000(2014) – søker 6 200 000**

*Omsøkte tiltak: 1 Internasjonale co-produksjoner 6 832 000, 2 Langsiktig talentutvikling 480 000, 3 Folkets festspillscene 600 000*

- **Carte Blanche** 4 929 000/ **5 069 000 – søker 5 210 000**

*Tre prioriterte tiltak: 1. Årsverk til internasjonalt salg, samt produksjon og turne 2. Verbalisere samtidsdansen 3. Aspiranter*

- **Hordaland Teater** 4 655 000/ **4 788 000 – søker 6 115 000**

*Grunngjeving for auke; Omsøkte tiltak: 1. Tilsetjing av kunstnarleg personale 2 mill.(totalt fylke og stat), 2. HMS tiltak og tilrettelegging for 1mill. (totalt fylke og stat). Når det gjeld flytting av teateret til sentrum ligg ikkje dette inne med omsøkt sum i søknaden, men med følgjande kommentar; I fleire år har HOT arbeidd for å få flytta teateret til Bergen sentrum. Vi har større sjanse for å nå målet om å vere det leiande teateret for barn og unge ved å vere plassert i Bergen sentrum. Då vil vi bli ein aktør som bidrar i et levende scenekunstmiljø, ein tilgjengeleg samarbeidspartnar, og vi vil ha eit ope hus for vårt publikum. I skrivande stund jobbar vi målretta mot eit aktuelt lokale, og vi håpar at dette kan ende i flytting, i nær framtid.*

- **Bergen Nasjonale Opera** 4 092 000/ **4 209 000 – søker 5 210 000**

*Tot. Budsj. 42 883 000, BNO søker om økt støtte til økt produksjon. Dersom BNO skal kunne bygge et lojalt og stabilt publikum for opera i Bergen og Hordaland, må selskapet ha en mer regelmessig tilstedeværelse i byen i form av flere produksjoner. Selv om BNO produserer en rekke aktiviteter innen talentutvikling og formidling til barn og unge, trenger selskapet å styrke sin kjerneaktivitet som er operaproduksjon. En økt produksjon vil styrke BNOs synlighet lokalt, generere økt interesse hos potensielle sponsorer, utløse økte billettinntekter og styrke det lokale eierskapet til BNO som en viktig aktør i Bergens kulturliv.*

- **BIT 20 Ensemble** 697 000 / **717 000 – søker 1 000 000**

*BIT20 Ensemble held eit svært høgt kunstnarleg nivå, og er ein viktig og unik aktør i Hordaland sitt musikkliv. I tillegg til konsertverksemd er ensemblet opptatt av formidling både til born, unge, studentar og det almene publikum. Me søker auke i 2015 for å styrka formidling- og kommunikasjonsarbeidet vårt, slik at me når fleire i fylket med vår bodskap: Fremja samtidmusikken og gjera denne kjend for eit bredt publikum.*

### 400.720 Ymse kunstføremål

I dette kapittelet ligg også ein del forholdsvis tunge institusjonar. Det er ulikt i kva grad fylkeskommunen bidrar til den totale finansieringa. Her ligg nokre nøkkelinstitusjonar i den fylkeskommunale kulturpolitikken, ikkje berre ved at dei har særlege oppgåver i gjennomføringa av den fylkeskommunale kulturpolitikken, men og ved at fylkeskommunen er den einaste, eller den klårt viktigaste, bidragsytaren til drifta deira. Det gjeld Hordaland kunstsenter, 3,14 og Skrivekunstakademiet.

På det visuelle samtidskunstfeltet er **Hordaland kunstsenter** det viktigaste organet for Hordaland fylkeskommune. Senteret vart etablert i 1976 som det første kunstnardrevne kunstsenteret i Noreg.

Hordaland fylkeskommune har heile tida vore ansvarleg for drifta. Senteret er offensivt, og har svært gode resultat. Det er naudsynt å styrka drifta i samsvar med tilrådinga i St. Meld. 23 (2011 –

2012) Visuell kunst, med auka vekt på kunst i offentlege rom og kunstformidling. Omlegging av statlege retningslinjer for kunst i offentleg rom med auka regionalt ansvar er også ei utfordring her.

- **Hordaland Kunstsenter** - drift 2 200 000/ 2 500 000 + verksemd 789 000/ 801 000

Tils. **3 525 000 i 2014 – søker 3 880 000**

*For å vidare utvikle Hordaland kunstsenter søker vi Hordaland fylkeskommune om en total økning på 355.000 kr. (og Bergen kommune om en økning på 260.000 kr.) for på den måten styrke vår stab og bidra til økt kunnskap om og aktivitet knyttet til kunst i offentlige rom-feltet og produksjonsfeltet.*

**Skrivekunstakademiet** er Hordaland fylkeskommune si fremste satsing på litteraturfeltet, med få andre økonomiske bidragsytarar.

- **Skrivekunstakademiet** 2 300 000/ **2 600 000 – søker 2 800 000**

